



Karl klar for neste etappe - til Norheimsund.

Karl Pudik (53) frå Wien er eigentleg elektroingeniør men har vore operasjonar mykje av livet. No er han uføretrygda og har ein verneverdig 'fiskebåt som han har rusta opp for over ein million som bustad.

MS Sjøleik ligg akkurat no i Uskedalen der Karl har unna seg ein stopp fordi det er så vakkert her. Han er ein av stadig fleire som svarar slik når dei blir spurde: Kvifor stoppar du i Uskedalen?



Verneverdig skip i båthamna i Uskedalen

Men fyrst litt om Pudik:



Sjøleik under segl

Han var tidleg interessert i Noreg og reiste mykje her. Han vandra i Rondane og i 1985 fekk han ein avgjerande impuls under Olavsdagane i Trondheim til å starta med korsong og trombonespel. Heime i Wien skaffa han seg privat utdanning og song både på Volksoper og Staatsoper. Bassbarytonen fekk ein sopran som kjæreste og dei søkte jobb ved operaen vår. Dit kom Karl i 1999 men 3 år etter fekk han ein alvorleg nakkeskade i ei trafikkulukke og dertil øresus, lidingar som etter kvart skulle sette ein stoppar for songkarrieren. I 2007 braut han saman på scena og har sidan ikkje sunge.

Så over til båten:

Det var svært dyrt å bu i Oslo og etter kontakt med nokon som budde i båt satsa også Karl på det - han kjøpte Sjøleik i 2000 for 160 000. Båten er eit kulturhistorisk klenodium. Han er bygd i Farsund i 1938 og vart brukt som fiskebåt til han under krigen seilte til Skottland med 19 passasjerar som delvis var ettersøkte av Gestapo.

Etter krigen hadde båten fleire funksjonar.

Han heitte Blåveis og var mellom anna smuglarbåt i film men vart skada under ein seilas gjennom Russland som den første med utanlandsk flagg.

Det var ein nærmast rasert båt Karl tok over og ikkje før i fjor var han ferdig med restaureringa - på Læsø i Danmark. Då fekk båten også status som verneverdig samt eit tilskot på 200 000 supplert med plikt til vedlikehald.

No skal Karl og kjærasten Siv (begge er forresten fråhalds og vegetarianarar) innom trebåtekspertane i Norheimsund før ferda går via hamnedagane i Haugesund og sørover att til Danmark og overvintring.

Neste år er planen å seile heile Noregskysten, slik dei eigentleg skulle gjort i år... Kanskje kjem dei att til oss i 2013?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sjøleik er heimen hans